

Informasjon til lag og organisasjonar om utviklingsprogrammet Unge Eldsjeler

Frivillig sektor står sterkt i Sogn og Fjordane og kvar dag bidreg mange tusen personar i dugnad og frivillig arbeid. Dette styrkar inkludering, samhald, trivsel og meistring, og er ei viktig drivkraft for å halde liv i lokalsamfunna våre.

Sentralt i frivillig sektor er alle eldsjelene. Det er eit kontinuerleg behov for å rekruttere og motivere fleire eldsjeler, og ikkje minst er det viktig at unge vaksne får innsikt i, og blir stimulert til, å ta del i frivillig arbeid.

Med bakgrunn i dette har Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og ViteMeir lansert eit utviklingsprogram for unge eldsjeler mellom 18 og 30 år. Målet er å gi unge vaksne innsikt, opplevingar, inspirasjon og nettverk innan frivillig arbeid. Erfaring innan frivillig sektor er gull verdt å ha på CVen. Dette programmet vil også gi dei fagleg påfyll og ein attest som kan vera nyttig å ta med seg i arbeidslivet.

Sogn og Fjordane har mange unge eldsjeler som bidreg aktivt i frivillig sektor, innan idrett, musikk, kultur, speidar, 4H eller liknande. Mange er alt blitt viktige ressursar i organisasjonen sitt arbeid.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og ViteMeir på Kaupanger ønskjer å gi unge eldsjeler kunnskap, opplevingar, inspirasjon og nettverk for å utvikle seg i sitt frivillige arbeid. Difor ønskjer me å tilby eit utviklingsprogram der ein på tvers av organisasjonar og geografi kan møtast for å dele erfaringar, inspirere kvarandre og ha det kjekt i lag.

Rammer for å søke

Me ønskjer dykkar hjelp til å rekruttere deltakarar til programmet. Me føreset at deltakarane de føreslår frå eigne rekker allereie er aktive i laget. Me anerkjenner at det vil medføre ein del tilrettelegging frå organisasjonen si side å både finne kandidatar, gi dei fri til tre helgesamlingar i løpet av året, og følgje dei opp med tanke på deira framtidige utvikling. For å gi laget høve til å prioritere programmet er deltaking gratis. Me dekker i tillegg kost og losji, reise t/r må deltakar/organisasjon dekke sjølv.

Kva forventar vi av din organisasjon?

- ✓ Din organisasjon plukkar ut/nominerer kandidatar som ein ønskjer skal delta på programmet.
- ✓ Me forventar at kontaktpersonen innad i organisasjonen stadfestar at deltakaren/-ane er aktive i laget.
- ✓ Kontaktperson/styret vurderer om deltakaren skal få ei enda meir aktiv rolle i laget sine styrande organ under eller i etterkant av programmet. Til dømes som styremedlem, ungdomsrepresentant/observatør eller (med-) ansvarleg for nokre av laget sine aktivitetar.
- ✓ Kontaktperson/styret forpliktar seg til å vurdere eventuelle innspel til endringar i laget som deltakaren tek initiativ til.

Innhald:

- ✓ Tre samlingar i året
- ✓ Innsikt og påfyll frå eldsjeler som gjer ein forskjell i sitt lokalsamfunn
- ✓ Fagleg innhold om til eksempel organisasjonsarbeid, økonomi, søknadsskriving og markedsføring
- ✓ Nettverksbygging
- ✓ Motivasjonsboost frå kjente foredragshaldarar
- ✓ Sosiale aktivitetar og felles opplevingar

Samlingane vil bli leia av dyktige og inspirerande eldsjeler. Deltakarane får tilbod om ein mentor undervegs i programmet som ein kan diskutere med, lære av og få inspirasjon frå.

Deltaking er gratis.

Unge eldsjeler

ViteMeir Skarpeteigvegen 2
6854 Kaupanger

www.ungeeldsjeler.no